

VED HEIMREISE

TRANSPORT

Etter operasjon eller undersøking der du har fått bedøving, er du ikkje i stand til å køyre bil. Derfor må du få nokon til å hente deg eller ta buss/ drosje.

FØRSTE DØGNET HEIME

Når du kjem heim etter operasjon eller undersøking der du har fått bedøving, bør du ha nokon hos deg.

Anestesisjukepleiarar/ -legar er spesialutdanna personell, og har som oppgave å gje deg trygg bedøving.

Dersom du framleis har spørsmål om anestesi og bedøving, kan du ta kontakt med oss på sjukehuset.

Sentralbord: tlf 70 10 50 00

Du bør og benytte deg av samtalen med anestesilege/ -sjukepleiar ved previsitt.

- vi ønsker deg velkommen



til deg som skal ha anestesi



ANESTESI
- ei fellesnemning på ulike former
for bedøving

FØR OPERASJON

PREVISITT

Dagen før operasjon vil anestesilege/ -sjukepleiar informere deg og vurdere helsetilstanden din. Det vert og mulig å stille spørsmål og det er viktig at du seier ifrå:

- om du er eller nettopp har vore forkjøla
- om du er allergisk for noko
- om annan sjukdom som f.eks. diabetes, astma, leddgikt eller angina og evt. bruk av medisinar
- om du brukar blodfortynnande medisin
- om du har spesielle opplevingar frå tidligare bedøving/operasjon.

FASTE

Etter kl 24 - natt til operasjonsdagen må du faste. Du kan ikkje ete, tygge tyggegummi/ pastillar, røyke, snuse eller drikke melkeprodukt. Klare væsker som vatn, saft, kaffe og te kan du drikke inntil 2 timar før bedøving.

ØVRIG INFORMASJON

Ta helst ikkje med smykke o.l. til sjukehuset. Klokke, ringar, piercing og smykke må takast av før du kjem til operasjon/ undersøking. Kontaktlinser må og takast ut, men er du avhengig av briller og evt. høyreapparat kan dei takast med til operasjon. Ved narkose må evt. tannproteser takast ut like før du sovnar. Neglelakk og leppestift må fjernast slik at vi kan observere naturlig farge.

ULIKE FORMER FOR BEDØVING

Anestesiform vert valt i samråd med kirurg og anestesilege og etter samtale med deg.

NARKOSE

Du får medisinar i ei blodåre (intravenøst) slik at du sovnar raskt utan ubehag. Før du sovnar må du puste i ei maske med oksygen. Under operasjonen sørger vi for at du pustar godt, og at du søv utan å kjenne smerte. Vi vekker deg rett etter at operasjonen er ferdig.

SPINAL- OG EPIDURALBEDØVING

Dette er to ulike former som gjer at underkroppen og beina vert bedøvd. Du er vaken og pustar sjølv, men kan få avslappande medisin slik at du har det behagelig og kan sove lett. Vi overvakar deg nøye under heile inngrepet. Ta gjerne med eigen MP3-spelar/ IPOD.

Ved epiduralbedøving vert det lagt inn ein tynn plastslange i ryggen. Den vert brukt til smertelindring etter operasjonen. Ved nokre inngrep er det vanlig å kombinere epidural og spinal.

PLEXUS OG ANDRE BLOKADAR

Lokalbedøving vert sprøyt inn i nærleiken av nerver og bedøver den delen av kroppen som skal opererast. I tillegg kan du få avslappande medisinar.

OPERASJONSDAGEN

PREMEDIKASJON

Dersom du føler behov for det, kan du be om ein sovetablett kvelden før operasjon. Dei fleste får premedikasjon (smertelindring og avslappande) ei stund før dei skal til operasjon.

TIL OPERASJON

Du vert teken imot av anesthesi- og operasjonssjukepleiar. Vi kontrollerer papira dine og kjem til å stille mange av dei same spørsmåla som du har fått før.

Det er alltid ein del førebuingar før bedøving og operasjon. Du får lagt inn ei venekanyle til intravenøst drypp og medisinerer, og vi koplar på deg overvåkingsutstyr.

OVERVAKING

Anestesiform, teknisk utstyr og erfarent personell gjer at vi har god kontroll under operasjonen. Pust, hjerterytme, blodtrykk og andre viktige funksjonar vert kontinuerlig overvaka.

ETTER OPERASJONEN

Du vaknar opp på operasjonsavdelinga og vert så trilla i seng til postoperativ- eller kirurgisk intensiv avdeling. Her vil du få tilsyn, behandling og pleie av spesialutdanna personell. Type operasjon, bedøving og tilstanden din avgjer tida det tek før du kjem tilbake til rommet ditt. I nokre tilfelle vert pasienten liggande på kirurgisk intensiv til neste dag.